

## Kulturklæsj, freakshow, eller både delar?

av Amund Grimstad

**MELDING: Er dette god underholdning, er det kulturell forbrødring, eller er eg berre ein nyttig idiot? Det er ikkje ofte kunstnarlege prosjekt riv og slit i meg i den grad som dette gjer, skriv Amund Grimstad om Morten Traavik sin performance som opna Bastardfestivalen i Trondheim i går.**

Publisert: 10.09.13



Ei meir passende opning av Bastardfestivalen, Trondheim internasjonale scenekunsthøst, kunne ein knapt drøyme om. I ei perfekt setting der vi i strålende sommarvær sat vagla opp utanfor Trondheim Senter for Samtidskunst, fekk vi sjå eit kulturklæsj og ein happening som det er vanskeleg å sette ord på, men som gjorde noko med dei fleste av oss. Og slik er det vel god kunst skal vere?

Morten Traavik går motstraums og har hausta både fagnad og krass kritikk for prosjekta sine, frå Miss Landmine via dei ulike Koreastunta og fram til dette. Her har han henta nokre utvalde, ekstremt flinke elevar frå Kum Song School of Music i Pyongyang, fått dei til Trondheim, sett dei opp med (eller mot) nokre åttandeklasselevar frå Steinerskolen i byen, og presentert det heile i ein collage som ei blanding av norsk valkampretorikk og koreanske glansbilde. Til alt overmål er premiera på ein dag som er både den nordkoreanske nasjonaldagen og den norske valdagen!

Det startar forsiktig der aktørane er bak dei store panoramaglasa i galleriet, og vi sit utanfor. Ein av koreanarane tek opp ei lita speledåse, set han mot det store glaset og spelar Internasjonalsong så glaset gir resonans. Symbolikken er øyredøyvande! Her er ein melodi som er eit sams utgangspunkt, men som har ført i to diametralt motsette retningar, – her heime til eit sosialdemokrati (i alle fall fram til i kveld), og i Korea til eit diktatorisk familiedynasti. Når både dei norske og dei koreanske ungdomane tar fram kvar si speledåse og freistar å lage harmoni med samspelet, blir det berre dissonans og temmeleg falskt. Framleis like symboltungt!

Så held koreanarane fram med å spele det som vi etter kvart forstår er nasjonalsongen deira. Nokre i publikum reiser seg, men dei fleste av oss veit ikkje heilt kva vi skal gjere. Er det å reise seg berre å vere høfleg, eller er det å syne respekt for eit despotisk regime? Nokre står, og vi blir sitjande. Så stemmer dei norske ungdomane i med «Ja vi elsker». Og situasjonen er hundre prosent pinleg. Skal eg reise meg nå og med det syne koreanarane at vi opererer med situasjonsbestemt høflegheit? Eller skal eg bli sitjande under nasjonalsongen, – og endåtil på valdagen? Før eg får tatt avgjerda reddar Traavik meg med at «Ja vi elsker» har nyskriven tekst, og med det ikkje fortener same respekt. Med dette har han provosert fram fordommar og gitt oss moralske og politiske dilemma alt i opningsscena.

Framhaldet er litt mindre provoserande, men likevel til å gruble over. I ein mikse mellom norske og koreanske innslag, karikerar dei norske ungdomane ulike politiske parti, og kommenterer på det viset valkampen som samstundes går mot slutten, medan koreanarane presenterer nydeleg dans og syner musikalsk briljans. Dei norske ungdomane er tilsvarande keitut, sjølv om dei både er dyktige og gir oss mye komikk. Kontrasten til koreanarane er slående.



Opning av Bastardfestivalen 2013. Foto: Amund Grimstad

### WORK IN PROGRESS

Konsept og regi: Morten Traavik  
 Scene og kostyme: Lene Thorsmæhlum  
 Lysdesign: Ingeborg S. Olerud  
 Lyddesign: Jørgen Træen  
 Kurator: Gry Ulfeng  
 Med: elevar frå Kum Song School of Music, Pyongyang, Nord-Korea og frå 8. klasse ved Steinerskolen i Trondheim  
 Co-produsert av Teaterhuset Avant Garden Trondheim Senter for Samtidskunst

9.–14. september arrangeres Bastard – Trondheim internasjonale scenekunsthøst for tolvte gang.

<http://www.avantgarden.no/program/bastard-trondheim-internasjonale-scenekunsthøst/>

### RELATERTE ARTIKLER

Hva vil Morten Traavik?

Sjampanjekampanje

Så sit vi der og let oss underhalde, men lurer heile tida på kva det er vi er med på og vitne til. Driv vi kulturell forbrødring eller er vi berre nyttige idiotar? Og har vi egentleg hamna på eit surrealistisk freakshow der vi ser eksotiske diktaturborn i fri utfalding? Fordommene riv og slit. Spørsmåla er mange, og underhaldningsverdien stor. Kva meir kan eg seie? Slik var det, og det gjorde absolutt noko med meg. Men kva det gjorde, er eg førebels ikkje i stand til å oppsummere.

Meldinga er henta frå meldarens blogg [www.amund.info](http://www.amund.info) etter avtale.

Liker Del { 15 }



Legg til en kommentar ...

Kommenter med ...



**Trond Okkelmo** · Toppkommentator · Oslo, Norway

Som en oppfølging til Grimstads artikkel, kan det være verd å lese histoiker Bjørn Larsens artikkel under Meninger i Aftenposten i dag 16.09. Her er det neppe tvil om at Traavik betraktes som en nyttig idiot. Og Larsen spør om det ikke snarere er nord-koreanske myndigheter som bør honorere Traaviks prosjekt heller en Norsk kulturråd. Larsens artikkel finnes på Aftenpostens nettutgave under Meninger.

Svar · 1 · Liker · 16. september 2013 kl. 05:37



**Dagfinn Koch** · Toppkommentator

Selv om det ikke er et så heftig diktatur er det interessant at det ikke (så vidt jeg kan se) at det har vært stilt spørsmål til Transposisjons "kulturutveksling" med Vietnam. Det er en ettpartistat som konsekvent nok fengsler annerledes tenkende, mord og leire. Det er få representative demokratier i Verden, og det er ikke i mange land det foreløpig - om i det heletatt - er gunstig at det blir innført. Men distanse er viktig. Vietnamkrigen legitimerer et undertrykkende diktatur. Og etterkrigseuropas "intellektuelle" innen kulturbransjen har en hang til det totalitære (Rødt/MPG) <http://transposition.no/>

Svar · Liker · 16. september 2013 kl. 10:38

Sosial tilleggsfunksjon for Facebook

Liker { 1,2K }

Utgiver:  
Foreningen scenekunst.no  
Scenekunst.no er en redaksjonelt uavhengig nettavis for profesjonell scenekunst og tilhørende kulturpolitikk. Vi følger Norsk Redaktørforenings redaktørplakat. Innlegg i kommentarfelt skal skrives under fullt navn.

Redaktør:  
Hild Borchgrevink, tlf. 47414701  
[hild@scenekunst.no](mailto:hild@scenekunst.no)